



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1/2018

MARS • ÅRGANG 25



Gje tekstilar nytt liv

Les meir på side 6.

Klar for ny renovasjonsordning?

Les meir på side 2.

Rydd fram naturen

Les meir på side 5.





Betre for deg, miljøet og renovatøren

Frå 9. april hentar SIM bio- og restavfallet ditt annakvar veke, og papir og plast kvar fjerde veke. Det er godt nytt både for deg som kunde og for miljøet.

Mange hushaldskundar har signalisert at dei ønsker oftare tømning av restavfallsdunken og meir kjeldesortering. Med den nye renovasjonsordninga som startar 9. april, oppfyller SIM desse ønskja.


Målet vårt er å leggja til rette for ei avfallshandtering som er til det beste for miljøet, deg som abonnent og renovatøren.

Den nye ordninga krev mindre køyring og gir dermed mindre utslepp. Fleire tokammerbilar fører til at fleire typar avfall vert henta samstundes. Sidelastarar med løftearm gjer arbeidsmiljøet betre for renovatøren. Abonentane får eit betre tilbod med oftare henting og henting av fleire avfallstypar.

Slik vert den nye ordninga:



SIDELASTAR
MED TO KAMMER



Annakvar veke:

Henting av restavfall + bioavfall, same dag



BAKLASTAR
MED TO KAMMER



Kvar fjerde veke:

Henting av papiravfall + plastemballasje (i sekk), same dag

Endring i tømmedagar

Dei fleste av våre abonnentar vil ha same tømmedag som før, men den nye renovasjonsordninga vil føra til endra tømmedag for abonnentar i **desse områda:**

AUSTEVOLL

Tysdag

Kolbeinsvik–Drøno–Eido–Porsdalen

Onsdag

Hufthammar–Birkeland

BØMLØ:

Måndag

Foldrøyhamn–Brotanaset–Ekornsæter–
Innvær–Hollundsaldalen–Urangsvåg–
Goddo–Brandasund

Fredag

Spissøy–Siggjarvåg–Moster–Grønnevik–
Oldereid–Håvik (indre)

KVINNHHERAD

Måndag

Korsneset–Neslia (heile)

Fredag

Bjelland–Sunde til kryss ved
YX-stasjonen

Løfallstrand–Mauranger–
Gjetingsdalen

STORD:

Fredag

Fjellgardane–Almås–Tjødnalio

SVEIO:

Onsdag

Bjelland–golfbanen/Sveio sentrum–
Sveioåsen–Krossleite–Fjellstad–
Ekrene–Søre Våge

Torsdag

Hanaleite–Rød

Dersom du er usikker på kva tømmedag som gjeld for området der du bur:



Legg inn di heimeadresse
i ny søkefunksjon på
www.sim.as

Hugs å oppdatera **SIM-appen**
for å sikra deg rett dato.



Gi sjåførane ei hjelpande hand

Sjåførane våre har mykje dei skal rekka over på ruta si, men med enkle grep kan me alle hjelpa til med å gjera tømminga av dunkane enklare og meir effektiv.



Hugs at dunken må ut til kl. 06.00 på tømmedagen. Hugs å ta dunken heim att etter tømning.



Pass på at dunken står rett veg. Sjå til at opninga vender ut mot veggen slik at løftearmen får tak i dunken.



Dei nye bosbilane vil henta *papiravfall* + *plastemballasje* kvar fjerde veke. Hugs å setja ut dunk + plastsekk på tømmedagen.



Dei nye bosbilane vil henta *restavfall* + *bioavfall* annakvar veke. Hugs å setja ut begge dunkane tømmedagen.



Dunken må ikke vera overfylt. Loket må liggja heilt igjen.



Det er fint om rest- og bioavfallsdunkar er oppstilt gruppevis.

Sortering av plastemballasje

Plastemballasjen vert henta kvar fjerde veke saman med papiravfallet, og du skal levera han i eigne, blanke spesialsekker som du får utlevert av SIM.

Slik går du fram:

- Samla rein og tørt plastemballasje i ein blank sekk.



- Plasser sekken ved papirdunken på tømmedagen for papir- og plastavfall.

✓ Ja takk

All rein plastemballasje. Til dømes:

- Plastflasker/-kanner
- Plastfolie/-posar (eks. chipsposar, kaffiposar)
- Plastboksar/-beger (t.d. til mat)
- Blomsterpotter

✗ Nei takk

- Tilgrisa plast (matrestar etc.)
- Plastemballasje som inneheld restar av farleg avfall
- Plast som ikkje er emballasje (t.d. leiker, møblar osv.)

Gjenvinning

Sortert plastemballasje vert sendt til oppsamling og pressing før det vert frakta til store sorteringsanlegg.



Lever rein og tørt plast

- MEN BRUK SUNN FORNUFT!

Plastemballasjen me leverer til gjenvinning skal vera rein og tørt, for det blir ikkje skapt nye plastprodukt av ketsjuprestar eller gammal majones. Tilgrisa plast skapar dessutan problem og dårleg arbeidsmiljø i heile gjenvinningskjeda – særleg for medarbeidarane som handterer og transporterer plastavfallet.

Heldigvis er det oftast lite som skal til for at skitten plastemballasje vert tilstrekkeleg rein. Som regel held det med ein kjapp, enkel vask.

Krevst det for mykje tid og vatn for å reingjera plasten, er det faktisk betre å kasta han i restavfallet. Bruk sunn fornuft!

ENKEL REINGJERING



Skyl

Skyl plasten i kaldt vatn, og dra gjerne kjapt over med oppvaskbørsten.



Tørk

Rist av vatnet slik at emballasjen er nokolunde tørt.



Kast

Kast plastemballasjen i blank SIM-sekk.



BEHOV FOR FLEIRE SEKKER TIL PLASTEMBALLASJE?

Er du i ferd med å gå tom for sekkar til plastemballasje, knyt du ganske enkelt ein slik sekk på papirdunken. Då vil bosbilsjåføren leggja ein ny rull på dunken etter tømning. Du kan også henta deg ein ny rull på næraste miljøsentral utan kostnad.



Rydd fram naturen

SIM har i ei årrekke organisert ulike ryddetiltak for sunnhordlendingar som vil gjera ein dugnadsinnsats for den flotte naturen vår. 2018 er ikkje noko unntak, så her er det berre å melde seg på!

I SIM er me opptekne av eit reint og fint Sunnhordland. Den interessa veit me at me deler med innbyggjarane i alle sunnhordlandskommunane. Derfor legg SIM til rette for at alle som vil kan gjera ein innsats for at naturen rundt oss skal ha det bra og sjå rein og fin ut.

Ditt bidrag er å dra i gong ein ryddedugnad. Vårt viktigaste bidrag er å dela ut avfallssekker og å ta i mot avfallet. Det er kostnadsfritt å levera for dei som ryddar. Lag og organisasjonar kan få støtte til transport. Dei må melde seg på via vår nettside. (Les mer på sim.as/vart-samfunn/ryddeaksjonar)

Slik slår du eit slag for naturen vår:

Meld deg på ein av SIM sine ryddeaksjonar via SIM sine nettsider www.sim.as før du går i gang. Du finn påmeldingsskjema under > Vårt samfunn.

SIM sine ryddeaksjonar er:

- Rydd ei strand
- Rydd nærmiljøet
- Rydd ein sti
- Meld frå (Her kan du senda oss ei melding dersom du oppdagar dumpingplassar eller områder med større forureining)

Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag, idrettslag og andre grupper av frivillige som ønskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Kva område kan ryddast?

- Strender som kommunen ikkje har ansvar for
- Buområde
- Nærområde
- Turstiar
- Skogsteigar



Kva kan kastast i sekkene?

- ✓ Vanleg hushaldsavfall
- ✗ Grovavfall, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen

Representantskapsmøte

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 23 medlemmer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal.

Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2018 skal dei møtast 27. april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.

Alle skal med!



Anten dei er heile og fine eller slitne, holete, falma og stygge: Klede, sko og tekstilar skal ikkje i restdunken. Dei utgjer ein viktig ressurs som kan brukast på nytt av andre og gjenvinnast til nye produkt, og Fretex tek imot alt!

Tekstilindustrien er verdas verste miljøforureinar etter oljeindustrien, og tekstilforbruket vårt bidreg kvart år til store klimagassutslepp frå produksjon, transport og avfall. Auka gjenbruk og gjenvinning av tekstilar er derfor eit viktig miljøbidrag. Ved å gjenvinna 1 kilo tekstil så sparer me miljøet og klimaet for utslepp av heile 11 kg CO₂, ein halv liter kjemikalier og nesten 2.500 liter vatn – som ville gått med i produksjonen av nye tekstilar!

I lag med vår samarbeidspartnar Fretex, har SIM i fleire år, tilbudt levering og gjenvinning av brukte klede, tekstilar og sko til våre miljøsentralar. Årleg tek Fretex imot 50-60 tonn av desse ressursane frå miljøsentralane i SIM-kommunane.

Mange er altså flinke til å nytta seg av ordninga, men me kan bli endå betre. Tal Fretex har henta inn, viser nemleg at gjennomsnittsnordmannen kastar rundt åtte kilo klede i restavfallet kvart år. Til samanlikning får Fretex inn tre kilo frå kvar av oss.

98 prosent til gjenbruk og gjenvinning

– Dei fleste av oss har innarbeidd rutinar for kjeldesortering og gjenvinning av bioavfall, papir og plast, men det kan synast som det framleis er litt nytt for mange å gjera det same med klede og tekstilar. Dermed kastar me viktige ressursar som me kunne brukt på nytt – til beste for miljøet, seier kommunikasjonssjef i Fretex, Trine Gjermundbo.

Ei hjelpande hand til miljø og menneske

Fretex er eigd av Frelsesarmeen, og ein del av klede som kjem inn vert delte ut som ein ledd i det sosiale arbeidet Frelsesarmeen gjer for menneske som har hamna i vanskelege livssituasjonar. I tillegg går 10 prosent av bruktinntektene til Fretex til det sosiale arbeidet i regi av Frelsesarmeen.

– Ved å donera klede og tekstilar til oss, bidrar du også til å få folk ut i arbeid. Fretex er nemleg Noregs største arbeids- og inkluderingsbedrift, og i fjor fekk 1294 personar jobb i den ordinære arbeidsmarknaden etter å ha deltatt i eit jobbprogram i regi av Fretex, utdjuar Gjermundbo.



Vil du prøva deg på redesign?

På Fretex sine nettsider finn du inspirasjon og oppskrifter til ulike produkt du kan laga sjølv av gamle klede og tekstilar. Kan det kanskje freista med eit nytt jeans-slips, pleddvarmepute, skinnjakkekløtsj, dukhandkle eller skinnjakkepenal?

Sjekk ut fretex.no/fretex-redesign

Foto: Fretex, Vegard Hartmann




Slik gjer du:



Pakk tekstilane du vil kasta i ein lilla SIM-sekk, og lever han på næraste miljøsentral utan kostnad.

I sekken kan du til dømes levera klede, dukar, gardiner, puter, teppe, handkle og sko. Treng du fleire lilla sekkar å pakka i, får du det på miljøsentralen utan kostnad!

Dette skjer med tekstilane du leverer inn:



Fretex har tre store sorteringsanlegg:



Fretex samarbeidar med fleire større aktørar innan resirkulering/gjenvinning av tekstilar.

Bruk blanke sekker på miljøsentralen!

Halvfulle malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer - dette er berre nokre døme på produkt som inneheld miljøgifter og skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall, men som likevel vert putta i svarte, ugjennomsiktige bossekker og kasta i brennbar rest-konteinarane på SIM sine miljøsentralar.

All erfaring viser at terskelen for å kasta slikt avfall saman med restavfall er lågare dersom sekken er ugjennomsiktig. For at me skal sikre best kvalitet på avfallet vårt, oppfordrar me difor alle våre kundar til å nytta seg av blanke sekker til restavfallet.

Då kan du hiva restavfallet rett i brennbar rest. Enklare for deg og kunderettleiarane våre.

Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?

Ikkje anna enn at du bruker blanke sekker til restavfallet i staden for svarte.

Kvar får eg tak i blanke sekker?

På alle SIM sine miljøsentralar. Sekkene er gratis. Du kan også kjøpa sekker på butikken.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekken er berre meint for plastemballasje, ikkje restavfall.

Kva skjer dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?

Då kan det henda at kunderettleiarane våre ønskjer å kontrollera sekken.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Klar for våronn i hus og hage?

Når vårsola gløttar fram og gir litt lunk, tar mange sunnhordlendingar fatt på ein real ryddesjau i huset, garasjen, hytta, naustet og hagen. Her er nokre tips til du skal i gang.


Me har konteinar til gunstig pris

Har du mykje avfall som skal til miljøsentralen? Hos oss kan alle som betalar renovasjonsgebyr i Sunnhordland få leiga 10 m³ konteinarar til fastpris. Leiga er 4500 kroner for fire dagar, og summen inkluderer då utkøyring og innhenting av konteinaren, samt levering av avfallet. Prisen er den same i alle SIM-kommunane, uansett kor sentralt eller grisgrendt du bur, så lenge vegen er køyrbar for stor lastebil.



Pakk rett – unngå kø

Når mange skal på miljøsentralen samtidig, kan det lett oppstå kø og ventetid. Med litt sortering på tilhengaren før du køyrer heimanfrå, der du prøver å samla likt avfall på same stad, går det mykje raskare å lesa av på miljøsentralen. Det gjer underverk for trafikkflyten på travle dagar!



Sjå også gjerne filmsnutten me har lagt ut på sim.as og på vår [Facebook-side facebook.com/SIMrenovasjon](https://www.facebook.com/SIMrenovasjon).

Gi hagen ei vitamininnsprøytning!

Har du rydda i hagen og er klar for å sjå det spira og gro etter vinteren? På miljøsentralane våre kan du kvitta deg med hageavfallet. Her kan du òg kjøpa næringsrik kompostjord og plenlanding som SIM lagar av bioavfallet me får inn.



Prisen for både kompostjord og plenblanding 200 kroner for ein liten tilhengar. For større mengder er prisen 400 kroner per tonn. Du må sjølv ha med deg tilhengar, og for 75 kroner kan du i Svartasmåget, på Heiane og Husnes å få rask og god hjelp med pålessinga.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00
Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00
Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00
Perioden 1. april–30. sept.:
Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.
Perioden 1. okt.–31. mars.:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM